

Innretning og retningsliner for: Tilskot til drift for kunst, kultur og idrett (gjennom budsjettvedtak)

Vestland fylkeskommune lyser ut midlar til drift av verksemder innan kultur og idrettsfeltet som har fylkesfemnande/regional aktivitet og/eller verdi.

Kultursatsingane i Vestland fylkeskommune er vedteke gjennom regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS:KULTUR og i regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle . Desse planane vil gjelde i det geografiske området dei er vedteke i fram til regional plan for kultur i Vestland er vedteke.

Føremål med tilskotsordninga

Tilskot til drift er fylkeskommunen sitt viktigaste bidrag til finansieringa av kulturlivet og såleis fremje eit aktivt og allsidig kunst- og kulturliv i fylket. Kvar tildeling skal grunngjenvært med klar forankring i dei fylkespolitiske målsettingane på kulturområdet. Grunngjevinga skal vere tydeleg formulert og tilgjengeleg, både internt og for allmenta.

[Sjå Premiss: Kultur. Regional Kulturplan for Hordaland 2015 - 2025.](#)

[Kultur for alle, regional plan for Kultur i Sogn og Fjordane 2019 - 2027.](#)

Kven kan søke

Aktørar innan kunst-, kultur-, frilufts- og idrettsfeltet med hovudaktivitet i Vestland fylkeskommune. Verksemda skal vere ideell (ikkje-kommersiell), med eit tydeleg føremål innan kunst, kultur og idrett og ha sterk regional eller nasjonal verdi, det vil seie verdi for heile eller større deler av Vestland fylke.

Søknadsfrist

Søknadsfrist for driftstilskot 2021 er 1. april 2020.

Kva kan ein få støtte til

Driftstilskot er ikkje knytt til eit særskilt tiltak/prosjekt, men gjeld verksemda som heile. Det er knytt til verksemda sine vedtekne føremål og planar og grunngjeve ut frå dei fylkespolitiske målsettingane på feltet.

Tilskotet har eit langsigtig, strategisk preg, og går som hovudregel til varige føremål. I dette ligg at verksemda har ei tyding for kulturlivet i regionen, som inneber at fylkeskommunen - ut frå vedtekne kulturpolitiske målsettingar - bør medverke økonomisk til drifta.

Fylkeskommunalt driftstilskot vil først og fremst rette seg mot fylkesfemnande verksemder / aktørar. Dette omhandlar verksemder / aktørar både innan det frivillige og profesjonelle kultur- og idrettsfeltet.

Krav til mottakar av driftstilskot

- Dersom drifta vert vesentleg endra, eller at det vert påvist tydelege feil eller manglar, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende. Eventuelle vesentlege endringar frå opplysningane gitt i søknaden skal meldast til avdeling for Kultur, idrett og inkludering.
- Det skal sendast inn årleg rapport med rekneskap og årsmelding seinast innan 1. mai kvart år.
- Det er ein føresetnad for tildelinga at organisasjonen følgjer norske lover, har god forretningskikk, god økonomiforvaltning og at det vert rapportert til fylkeskommunen etter gjeldande krav.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føresett, samt rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for kontroll.
- Tilskot over kr 300.000 skal reviderast av godkjend eller statsautorisert revisor. Krava til type revisjon differensierast etter tilskotsmottakars organisasjonsstørrelse og -art og er tilpassa

tilskotsforvaltars behov for ekstern stadfesting. Krava vil gå fram av tildelingsbrevet. Unntatt frå dette kravet er verksemder som nytter kommunerevisjon eller anna offentleg revisjonsorgan.

- Styret skal kunne vise til fagleg og administrativ profesjonalitet og at kontinuitet er sikra, uavhengig av enkeltpersonar.
- Organisasjonen skal vera registrert i Brønnøysundregisteret.
- Dersom verksemda mottar meir enn 50 % av inntektene frå det offentlege, vert verksemda omfatta av "lov om offentlige anskaffelser".
- Dei regionale kulturplanane for tidlegare Sogn og fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune er styrande for tildelingar.
- Frivillige kulturorganisasjonar og profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar som mottek tilskot skal ha ein heilårleg aktivitet, eit langsiktig perspektiv og eit varig kulturføremål.
- Organisasjonen må arbeide innanfor det kulturpolitiske ansvarsområdet, vere open og demokratisk.
- Det er ein føresetnad at tilskotsmottakarar som har opne publikumsretta aktivitetar, aksepterer og nytter ordninga med følgjekort for personar med nedsett funksjonsevne.
- Verksemda skal ha ei etisk forsvarleg drift, mellom anna:
 - I tråd med FN sine berekraftsmål legg Vestland fylkeskommune til grunn at mottakarar av tilskot til kunst og kulturføremål legg vekt på ei mest mogleg berekraftig verksemnd.
 - Likestillingslova med forbod om diskriminering vert følgt aktivt i drifta av organisasjonen.
 - For dei som får driftsstøtte over kr. 500.000 er det ein føresetnad at det vert sikra ein god kjønnsbalanse i organisasjonen sitt styre.
 - Organisasjonen skal ha eit forsvarleg arbeidsmiljø for sine tilsette, og driva seriøst etter norske lover og reglar, der sentrale styrande dokument innan HMS er på plass og fylgt.
 - Organisasjonen skal honorere kunstnarar og fagpersonar i tråd med gjeldande avtalar, vederlagsordningar og anbefalte satsar der det er relevant.
 - Organisasjonen skal leggja til rette for aktivt for mangfold i kjønn og etnisitet.
- Mottakarar av regionalt tilskot skal ha ei heilårleg drift der organisasjonen skal vere operativ og tilgjengeleg også i dei periodane der ein ikkje har naturleg aktivitet.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Vestland fylkeskommune er tilskotsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <https://www.vestlandfylke.no/om-oss/grafisk-profil/> Sjekk at de brukar Vestland fylkeskommune sin gjeldande logo, og på rett måte.

Krav til søknaden

- Søknad saman med vedlegg skal sendast gjennom Vestland fylkeskommune sin elektroniske søknadsportal innan søknadsfristen. Eventuell ettersending av vedlegg skal skje snarast og seinast innan tre månader etter søknadsfristen.
- Søknaden må tilfredsstilla dei til ein kvar tid gjeldande krav og retningslinjer som er fastsett av Vestland fylkeskommune. Søknader som ikkje oppfyller kriteriet for å søkje blir avvist.
- Minste søknadssum for driftstilskot er kr 50.000.

Vurdering

I tråd med kulturlova skal kommunane sikre eit breitt lokalt kulturtilbod. Fylkeskommunane skal ikkje overta eller erstatte kommunane sitt lokale ansvar, men ha oversyn og sikre tilgjenge til spesialiserte kulturtilbod i regionen. Fylkeskommunen si regionale utviklarrolle skal ligge til grunn for tilskotsforvaltinga, og fylkeskommunen skal støtte kulturverksemder med regional eller nasjonal verdi.

I vurderinga av søknader vert det vidare lagt vekt på følgjande omsyn (i prioritert rekkefølgje):

- I kva grad verksemda oppfyller satsingar i dei regionale kulturplanane
- I kva grad verksemda bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket
- I kva grad verksemda har verdi for kulturlivet i større delar av fylket

Meir om søknaden

Søkjar må nytta fylkeskommunen sitt nettbaserte digitale søknadsskjema med relevante opplasta vedlegg. Søknadsskjema vert opna og publisert minst ein månad før søknadsfrist, og vert lukka når søknadsfrist går ut kl. 23.59.

I tillegg til søknad må det leverast godkjend årsrapport og -rekneskap for førre år. Dette er eit krav for at søknaden skal verte handsama, og ønsker dette tilsendt elektronisk så snart som mogleg.

Vedtak

Søknad om driftsstøtte inngår som ein del av budsjettprosessen for følgjande år. Endeleg budsjettvedtak vert gjort av Fylkestinget for Vestland fylkeskommune i desember. Tidelingsbrev / brev om avslag, vert sendt ut i løpet av januar.

Oppfølging, rapportering og kontroll

For små organisasjoner er årsrapport- og årsrekneskap utan styret si godkjenning tilstrekkeleg. Organisasjonar med ei driftsinntekt på kr 5 millionar eller meir skal levera godkjent årsmelding- og årsrekneskap.

Mottakarar av driftsstøtte vil verte kalla inn til budsjett- og rapporteringsmøter. Dei som får størst løvningar vil verte kalla inn årleg, mens mottakarar av mindre tilskot vil verte kalla inn kvart andre / tredje år. Eventuelle andre møter kan avtalast.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å sette i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll. Dersom drifta vert vesentleg endra, eller at det vert påvist tydelege feil eller manglar, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.

Klage

Det er ikkje klagerett på budsjettvedtak, då det ikkje er enkeltvedtak og årsbudsjettet er bindande jf. Kommunelova (§ 46 og § 47). Forvalningsloven § 28. omhandlar klagerett for part eller anna person med rettsleg klageinteresse ved einskildvedtak. Budsjettvedtak er ikkje omfatta av dette. Eventuell klage på budsjettvedtak skal likevel vurderast og handsamast, og det skal fattast eige vedtak om t.d. avvisning av klagen i avgjerdsorganet.

Omgrepsavklaring

Om regional verdi: Omgrepet regional viser her til to prinsipielle hovudkriterium:

- Geografisk kriterium (geografisk nedslagsfelt og verkeområde): Om tiltaket omfattar fleire kommunar og / eller om tiltaket vert gjennomført eller har deltaking frå meir enn to kommunar.
- Funksjonskriterium (regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg).

Alle tilrådde tiltak og prosjekt skal ha regional verdi - geografisk og / eller funksjon. Storleik og omfang treng ikkje vere avgjerande. Fagleg kvalitet og særlig grad av nyskaping m.m. kan også ligge til grunn for at eit tiltak har regional verdi. Sjå nærmare omtale av dette under Grunnleggjande kriterium for kulturmiddlar.

I tråd med kulturlova er det kommunane som skal leggje til rette for og sikre eit breitt lokalt kulturtildod der folk bur og arbeider. Fylkeskommunen si rolle er å vere ein regional utviklar, og ha oversyn og sikre tilgjenge til meir spesialiserte eller regionale kulturtildod.